Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Øystein Thommesen as
Kjøpmannsgata 17
7013 TRONDHEIM

Vår dato: 07 FEB. 2014
Vår ref.: NVE 201400658-2 rv/tes
Arkiv: 323
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Terje Systad

# Uttale til oppstart av planarbeid og høyring planprogram - Kristvika - Averøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 28.1.2014. Saka gjeld oppstartsvarsel for arbeid med reguleringsplan og høyring av planprogram for 260 daa stort planområde i Kristvika. Føremålet med reguleringsarbeidet er å legge til rette for industri.

Nordaustleg del av planområdet ligg i potensielt utløpsområde for skred i skrednett. Det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkleg fagleg kompetanse, og skredfarevurderinga må underleggast kontroll av sidemann eller uavhengig part. Det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10).

Dersom ein i planen ikkje opnar for utbygging/tomteareal innanfor aktsemdområdet, ser ikkje vi at det skal vere naudsynt med ytterlegare kartlegging av skredfaren. Areal som er definert som aktsemdområde kan nyttast til å avgrense omsynssone fareområde skred i plankartet, og det må knytast føresegner som forbyr tiltak i sikkerheitsklasse S2 og S3 for skred (jamfør §7.3 i TEK10).

Med helsing

for Toralf Othnes
Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
Terje Systad
overingeniør